

MØTEBOK

Røldal Fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 07.02.22 – kl 18:00 – kl 21:30

Stad: Banken

Innkalla: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Heine Eikemo og Randi Legård.

Forfall: Håkon Småbrekke

Sakshandsamar og Referent: Tor Helge

Saker til styremøtet

Sak 01/22: Meldingssaker

Sak 02/22: Eventuelt/Informasjon hendingar frå førre møte

Sak 03/22: Regulering av prisar for 2022

Sak 04/22: Vidareføring samjaktavtale HA290

Sak 05/22: Handverkar Ninive

Sak 06/22: Informasjon angående førespurnad om samarbeid – Ullensvang FS

Sak 07/22: Organisering – vinteraktivitet 2022

Sak 08/22: Gjennomgang saksliste – allmannamøtet

Sak 09/22: Godkjenning Rekneskapen 2021

Sak 10/22: Godkjenning Årsmelding 2021

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/

Andre Botnen/s/

Randi Legård/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Håkon Småbrekke/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.rolidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: rolidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

Sak 01/22: Meldingssaker

Saksutgreiing:

- 2021.11.30 Røldal Fjellstyre - Søknad om omlegging av DNT-turiststi i Hedlevass – Statskog
- 2021.11.30 INN - Løyve til motorferdsel i samband med etablering av båtopplegg ved Stora Uravatnet
- 2021.12.06 INN - Utkast til brev vedr hytter og mannskap til eit statleg fellingslag
- 2021.12.22 INN – NFS – søknad friluftsmidler 2022
- 2022.01.05 INN – Sluttoppgjer Hardangervidda fjelloppsyn 2021
- 2022.01.05 INN – Hardangervidda Fjelloppsyn - Utkast avtale sekretærvikariat
- 2022.01.07 TIL – Grunneigarfondet-søknad om tilskot uthus Ninive - Røldal Fjellstyre
- 2022.01.07 UT – Førespurnad om samarbeid - Røldal og Ullensvang FS rev1
- 2022.01.08 UT – søknad om midlar til haustingsbasert friluftsliv
- 2022.01.17 UT – Invitasjon allmannamøte 09.02.2022
- 2022.01.19 INN – Statsforvaltaren i Vestland – Uttale søknad om omlegging av rute ved fjellstyrehytta Gamlabua ved Hellelevassbu

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Leiar går gjennom meldingslista.

Vedtak:

Styret tek meldingssakene til vitande.

Sak 02/22: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

- I henhold til vedtak i førre møte har Fjellstyret fått grunneigar sitt løyve til å flytte turiststien ved Gamlabua. DNT vissar forståing for problematikken, og har tatt førespurnaden vidare til Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren godkjenner tiltaket.
- Tor Helge har sendt søknad til Miljødirektoratet om tilskot til rekrutteringstiltak – fiske.
- Det vert arbeida (uttrøyeleg) med den etterlengta driftsplanen for fiske. Tor Helge skal i møte med Statsforvaltaren i Vestland angående denne 18. februar.
- Vårmetet: Vert arrangert 01.- 02. april. Fjellstyremedlemmene må vurdere sin interesse.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Leiar går gjennom hendingane. Det vert diskusjon rundt deltaking på vårmøte.

Vedtak:

Tor Helge deltar på vårmøte på dagen 01.04., og får dekkta tapte inntekt. Alle andre fjellstyremedlemmer, og deira varamedlemmer, får dekkta overnatting til laurdag, samt deltaking på møtet på laurdag.

Samrøystes.

Sak 03/22: Regulering av prisar for 2022**Saksdokument:****Saksutgreiing:**

Det er forskrift om jakt, felling, fangst og fiske som regulerar maksprisane på Statsallmenning. Røldal FS ligg i dag under makspris på fiskekort og på nokon av korta på småvilt. Dette fordi prisramma vart endra i forskrifta i fjor vår. På reinsjakt ligg Røldal FS langt under prisrammene. Det må seiast at det er mange år sidan det har vorte seld reinskort enkeltvis, og at prisen nok difor ikkje er representativ.

Gjeldande prisar på Røldal SA i 2021:

Prisar for jakt, fiske og hytteleige Røldal Fjellstyre

des.21

Innanbygds		Utanbygds:	
Fiske med stong	Pris	Fiske med stong	Pris
Dagskort	100,-	Dagskort	100,-
3 dagars kort	250,-	3 dagars kort	250,-
Vekekort	350,-	Vekekort	350,-
Sesongkort	n/a	Sesongkort	700,-
Småviltjakt		Småviltjakt	
Dagskort	125,-	Dagskort	250,-
Vekekort	700,-	Vekekort	1400,-
Sesongkort	1000,-	Sesongkort	2000,-
Halv pris for dagskort og sesongkort for ungdomskort.			
Villreinjakt		Villreinjakt	
Kalv	500,-	Kalv	1000,-
Simle/Ungdyr	1100,-	Simle/Ungdyr	2200,-

Bukk	1300,-	Bukk	2600,-
Fritt dyr	1700,-	Fritt dyr	3400,-
Hytteleige pr nått/person		Hytteleige pr nått/person	
Vaksen	100,-		200,-
Studentar	50,-		?
Under 16 år	gratis		gratis
«Dugnadspris»	gratis		gratis
Leige oppbevaringsboks			
	250,-		n/a
Garnfiskekort – gjeld og stongfiske i same periode			
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds	500,-		n/a
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds – «dugnad»	200,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds	750,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds – «dugnad»	400,-		n/a
Døgncort Votna	200,-		200,-
Leigeprisar for stølar			
Nupshadlene	26100,-		
Midtfjellsvollen	18100,-		
Ståvassvikje	18100,-		
Ulevåbotnen	5000,-		

Generelt meiner sakshandsamar at det der rett å ligge på prisrammer på både småviltjakt og fiske med stong. Dette er i utgangspunktet svært rimeleg og ei ettertrakta vare som er lett å selje. Det vart i fjor vedtatt nye satsar i forskrifta, og fjellstyret bør vurderer å justere sine prisar opp i takt med desse.

Sesongkort for småviltjakt vert foreslått indeksregulert.

For villreinjakta sin del så er ikkje prisramma i nærleiken av det ein kan ta for jakta på Hardangervidda. Røldal FS har nok mest sannsynleg dei rimelegaste reinskorta på SA på Hardangervidda i dag.

Sakshandsamar meiner fjellstyret må strekke seg langt for å stimulere til auka rekruttering, og føreslår ytterlegare reduksjon i pris for ungdom og studentar.

Fjellstyret bør også vurdere ei prøveordning med døgncort for garnfiske, for å leggje noko meir til rette for innanbygdsbuande som kanskje berre ynskjer å fiske eit døgn.

Fjorårets prøveordning med sal av døgncort på garnfiske i Votna til utanbygdsbuande resulterte i null selde kort. Dette kan ha samband med vasstanden i magasinet, då utsetjing av båt var vanskeleg heile sesongen. Sakshandsamar finn ingen argumenter for å ikkje vidareføre dette tilbodet.

Sakshandsamar foreslår å regulerer prisen for løyver på reinsdyr no, men at denne ikkje skal vera førande for prisen på eventuelle kortpakkar. Endeleg pris på kortpakkane må vedtas når ein veit storleiken på kvoten, eller kva rammevilkåra for årets jakt vert.

Fjellstyret bør diskutere om «dugnadsprisane» har fungert som etter intensjonen. Burde ein til dømes tilby deltakrarar på dugnad gratis overnatting på fjellstyrehyttene fleire påfølgjande år? Og kva med garnfiskekorta?

Framlegg til vedtak:

Gjeldande prisar på Røldal SA i 2022 (endra prisar i raudt):

Prisar for jakt, fiske og hytteleige Røldal Fjellstyre

Innanbygds		Utanbygds:	
Fiske med stong	Pris	Fiske med stong	Pris
Dagskort	110,-	Dagskort	110,-
3 dagars kort	290,-	3 dagars kort	290,-
Vekekort	390,-	Vekekort	390,-
Sesongkort	790,-	Sesongkort	790,-
Ungdomkort (mellom 16-20 år) – 75% rabatt			
Småviltjakt		Småviltjakt	
Dagskort	140,-	Dagskort	280,-
Vekekort	790,-	Vekekort	1580,-
Sesongkort	1100,-	Sesongkort	2200,-
75% rabatt på dagskort og sesongkort for ungdomskort (14-20 år)	35,-		70,-
Villreinjakt		Villreinjakt	
Kalv	700,-	Kalv	1400,-
Simle/Ungdyr	1300,-	Simle/Ungdyr	2600,-
Bukk	1600,-	Bukk	3200,-
Fritt dyr	2100,-	Fritt dyr	4200,-
Hytteleige pr nått/person		Hytteleige pr nått/person	
Vaksen	100,-		200,-
Studentar	50,-		?
Under 16 år	gratis		gratis
«Dugnadspris»	gratis		gratis
Leige oppbevaringsboks			
I Eriksbu og Gamlabua	250,-		n/a
Garnfiskekort – gjeld og stongfiske i same periode			
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds	500,-		n/a

Sesongkort garnfiske Ungdomkort (mellom 0-20 år) – 75% rabatt	125,-		
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds – «dugnad»	200,-		n/a
Døgnkort garnfiske – Berre for innanbygds	200,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds	750,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds – «dugnad»	400,-		n/a
Døgnkort Votna	200,-		200,-
Leigeprisar for stolar			
Nupshadlene	26100,-		
Midtfjellsvollen	18100,-		
Ståvassvikja	18100,-		
Ulevåbotn	5000,-		

Referat:

Tor Helge fekk etter møteinnkallinga vart sendt tilsendt oppfordring frå Ullensvang FS om at fjellstyra bør diskutere å endre prisen på fellesfiskekortet (jf. ny prisramme).

Per i dag er prisane 500 for vekeskort og 1000 for sesongkort. Den nye prisramma er 390,- for vekeskort og 790 for sesongkort. Dette utgjer ein auke på 11-12% samanlikna med den gamle prisramma.

Under er ei oversikt over pris med ulik auke i %.

Fellesfiskekortet	Noverande pris	12% auke	15% auke	20% auke	25% auke	30% auke
Veke	500	560	575	600	625	650
Sesong	1000	1120	1150	1200	1250	1300

Styret samlar seg om eit forslag til prisauke på minst 20%.

Det vert vidare ein brei diskusjon om dei forskjellige framlegga til prisar. Det vert einigheit om å følgje den nye prisramma for fiskekort og småviltjakt. Unntaket er sesongkortet for småviltjakt, kor prisen vert uendra. Det vert einigheit om relativt store endringar i garnkortet for innanbygdsbuande.

Ein vedtar nye prisar for villreinjakt, men tar her forbehold om at desse prisane berre gjeld for ei lita kvote.

Fjellstyret vedtar å auke rabatten for ungdomskort til 75% for fiske- og småviltjakt.

Utleigepris for Ulevåbotn vert ikkje tatt stilling til.

Det vert ein kort diskusjon rundt «dugnadspris» på overnatting på fjellstyrehyttene, kor styret samlar seg om å vidareføre noverande ordning.

Vedtak:

- Fellesfiskekortet: Røldal Fjellstyre foreslår ei prisauke på minst 20%

Følgjande prisar vert på Røldal SA i 2022:

Prisar for jakt, fiske og hytteleige Røldal Fjellstyre

Innanbygds		Utanbygds:	
Fiske med stong	Pris	Fiske med stong	Pris
Dagskort	110,-	Dagskort	110,-
3 dagars kort	290,-	3 dagars kort	290,-
Vekekort	390,-	Vekekort	390,-
Sesongkort	790,-	Sesongkort	790,-
Ungdomkort (mellom 16-20 år) – 75% rabatt			
Småviltjakt		Småviltjakt	
Dagskort	140,-	Dagskort	280,-
Vekekort	790,-	Vekekort	1580,-
Sesongkort	1000,-	Sesongkort	2000,-
75% rabatt på dagskort ungdomskort (14-20 år)	35,-		70,-
Villreinjakt		Villreinjakt	
Kalv	700,-	Kalv	1400,-
Simle/Ungdyr	1300,-	Simle/Ungdyr	2600,-
Bukk	1600,-	Bukk	3200,-
Fritt dyr	2100,-	Fritt dyr	4200,-
Hytteleige pr nått/person		Hytteleige pr nått/person	
Vaksen	100,-		200,-
Studentar	50,-		100,-
Under 16 år	gratis		gratis
«Dugnadspris»	gratis		gratis
Leige oppbevaringsboks			
I Eriksbu og Gamlabua	250,-		n/a
Garnfiskekort – gjeld og stongfiske i same periode			
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds	250,-		n/a
Sesongkort garnfiske - Ungdomskort (mellom 0-20 år) – 75% rabatt	60,-		
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds – «dugnad»	50,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds	400,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds – «dugnad»	100,-		n/a
Døgnkort Votna	200,-		200,-
Leigepreisar for stølar			
Nupshadlene	26 100,-		
Midtfjellsvollen	18 100,-		
Ståvassvikja	18 100,-		
Ulevåbotn	n/a		

Samrøystes.

Sak 04/22: Vidareføring samjaktavtale HA290

Saksdokument:

2021.01.25 - SIGNERT Samjaktavtale med HA290

Saksutgreiing:

Røldal Fjellstyre må ta stilling til om samjaktavtalen med HA290 skal vidareførast. Eventuelt om den skal reviderast. Frist 01. mars.

Det har ikkje kome fram forslag frå eigar av HA 290 om endringar eller oppseiing av avtala.

Etter det sakshandsamar kan forstå har avtala fungert godt og fjellstyret bør vurdere avtala vidareført. Fjellstyret kan diskutere enkelte mindre justeringar av avtala.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Heine Eikemo er ugild i saka og er ikkje med i handsaminga av denne (jf. sak 28/20).

Endringsforslag Tor Helge:

- Endre revideringsdato til 1. mai.
- Endre prisane:
 - o Fritt dyr: kr 700
 - o Bukk: kr 600
 - o Simle/Ungdyr: kr 450
 - o Kalv: kr 250
- Tor Helge snakkar med HA290 om eventuelle andre endringar.

Vedtak:

Tor Helge for fullmakt til å vidareføra samjaktavtalen innanfor tilsvarande rammer som gjelande avtale. Utkast til avtale skal sendast fjellstyremedlemmene for godkjenning.

Samrøystes.

Sak 05/22: Handverkar – uthus Ninive

Saksdokument:

Kostnadsoverslag/pristilbod Olav Hagen (sendt ut tidlegare)

Saksutgreiing:

Det har kome inn pristilbod på jobben på Ninive. Prisen er på komplett utvendig bygg frå topp fundament (same produkter som brukt på hytta). Olav Hagen kan gjere arbeidet for kr 90 000 eks MVA (Dvs kr 112 500 inkl MVA).

Det er til informasjon søkt om støtte til gjennomføring av tiltaket hjå Grunneigarfondet. Byggjesøknaden er framleis ikkje ferdig behandla hjå Ullensvang kommune. Sakshandsamar er informert om at saka skal behandlast av møte i tilsynsutvalet 03.02.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Tor Helge var i kontakt med Tilsynsutvalet på fredag. Dei behandla saka i førre veke. Dei var positive til byggjesøknaden, men kom med innspel på utforminga av huset. Kort oppsummert ynskja dei eit breiare og lågare hus. Følgjande endringsforslag vart sendt tilsynsutvalet:

Ut frå ei byggteknisk vurdering, kom det forslag om å gjere følgjande endringar på måla for å få «finast» bygg:

- Lengde: Auka til 360 cm slik at måla går opp i modular. (+10 cm)
- Breidde: Auka til 270 cm (+70 cm)
- Høgde: Bygget vert senka 10 cm. (Yttervegg og ytterdør vert 190 cm) Det vert då rett over 2 m under takbjelkane inni uthuset.

Dette gjer bygget noko dyrare (om lag kr 25 000 eks MVA), då innhenta pristilbod er berekna frå originalteikningane. Det kjem oppfordring om å sende revidert søknad om støtte til Grunneigarfondet med oppdaterte kostnadstal.

Vedtak:

Styret godkjenner tilbod frå Olav Hagen og ynskjer å gjere avtale med han om bygging av uthus. Leiar får fullmakt til å avtale storleiken på tilleggskostnaden med handverkar.

Vidare ynskjer styret å gå til innkjøp av gasskomfyr til Ninive og Eriksbu.

Samrøystes.

Sak 06/22: Informasjon angående førespurnad om samarbeid – Ullensvang FS

Saksdokument:

2022.01.07 UT – Førespurnad om samarbeid - Røldal og Ullensvang FS rev1

Saksutgreiing:

Sakshandsamar har sendt førespurnad om samarbeid til Ullensvang FS om fire saker i henhold til lista under. Brevet vart sendt til fjellstyremedlemmene i forkant av møtet. Leiar ynskjer å avklare med fjellstyret kor mykje energi ein skal bruke på desse sakene.

1. Endre «Forskrift til lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, Odda kommune, Hordaland.»
2. Evaluering etter fjorårets samjaktavtale
3. Innspel frå Ullensvang FS til Røldal FS sine ynskjer vedrørende fiskekultivering i grensevatna
4. Endra jakttid for elg, hjort og rådyr i statsallmenninga

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Leiar går gjennom dei forskjellige punkta i førespurnaden til Ullensvang FS. Det kjem ingen motsegner.

Vedtak:

Styret tek meldingssakene til vitande.

Sak 07/22: Organisering – vinteraktivitet 2022**Saksdokument:**

- 2021.11.30 INN - Løyve til motorferdsel i samband med etablering av båtopplegg ved Stora Uravatnet

Saksutgreiing:

- Det er inngått avtale med Røde kors om transport til fjellstyrehyttene i Hedlevass. Det er også inngått avtale om kjøp av ved. Transporten må samkøyrast mellom fjellstyret, vedleverandør og Røldal Kors. Ein bør få heim alle søppeldunkane, og gå over desse (sjekk av pakning, vaskt etc.).
- Fjellstyret har i løpet av 2021 fått løyve til etablering av båtopplegg ved Stora Uravatnet. Dette er tenkt etablert i løpet av våren 2022, og bør kunne gjennomførast på dugnad. Det er motteke eige motorferdselløyve til dette prosjektet.
- Det gjenstår framleis behov for dugnadsarbeid for å fullføre innarbeidet på Ninive. Dette bør/må gjerast i vinter.
- Det må gjennomførast noko førebuande arbeid i forbindelse med uthusprosjektet på Ninive.
- Steinbua ved Gamlabua bør tømmast for søppel i løpet av vinteren.

Framlegg til vedtak:

- Tor Helge får ansvar for organisering av det gjenverande dugnadsarbeidet på Ninive

- xxxx tar ansvar for organisering av transport av ved o.l. til hyttene, samt vedlikehald av søppeldunkane.
- Fjellstyret diskuterer gjennomføring av anna dugnad med dei bruksberettiga på allmannamøtet.

Referat:

Styret diskuterer dei forskjellige «oppdraga», og fordeler dei etter beste evne.

Vedtak:

- Tor Helge får ansvar for organisering av det gjenverande dugnadsarbeidet på Ninive, samt planlegging av gjennomføringa av «Prosjekt Uthus».
- Tor Helge forsøker å få organisert tømning av steinbua ved Gamlabua.
- Heine/Håkon mottar søppeldunkane og ser over desse.
- Andre organiserer transport av ved/gass til Gamlabua/Eriksbu i samarbeid med Røde Kors.

Samrøystes.

Sak 08/22: Gjennomgong saksliste - allmannamøtet

Saksdokument:

2022.02.09 - Invitasjon - allmannamøte

Saksutgreiing:

Styret bør diskutere sakslista i forkant av allmannamøtet.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Styret diskuterer kort hensikta ved møtet, og kva som er målet å få ut av det.

Vedtak:

Styret gjennomfører allmannamøtet i samsvar med møteinvitasjonen.

Sak 09/22: Godkjenning Rekneskapen 2021

Saksdokument:

Rekneskap for 2021 (vert ettersendt når ferdigstilt)

Saksutgreiing:

Rekneskapen for 2021 er forventa ferdigstilt i løpet av veka før møtet. Denne vert ettersendt når den er klar.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre godkjenner framlagde rekneskap for 2021 med atterhald om godkjenning av revisor.

Referat:

Styret går gjennom dei forskjellige postane i rekneskapet. Det er i 2021 gjort investeringar på over kr 406 000 i hyttene. Underskotet er må soleis seiast å vera relativt lite.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre godkjenner framlagde rekneskap for 2021 med atterhald om godkjenning av revisor

Samrøystes.

Sak 10/22: Godkjenning Årsmelding 2021

Saksdokument:

Årsmelding for 2021 (vert ettersendt når ferdigstilt)

Saksutgreiing:

Utkast til vedlagt årsmelding laga av Tor Helge.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre godkjenner framlagt årsmelding for 2021.

Referat:

Årsmeldinga vert presentert for styret. Det kjem ingen merknadar.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre godkjenner framlagde årsmelding.

Samrøystes.